



## ÅRSMELDING FRÅ STYRET I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Styret har vore samansett slik i 2002:

Leiar	Svein Inge Lundheim
Nestleiar	Per Ove Fossheim
Sekretær	Arnstein Hauge
Kasserar	Kjell Erik Strand
Vara	Steinar Berkvam
Jaktutval	Bjarne Sjøthun
Fiskeutval	Øyvind Husabø
Leirduebaneutval	Leif Arne Lingjerde
Ungdomsutval	Hallvard Grinde
Hundeutval	Kurt Langeteig

Det har vore 4 styremøte i perioden.

Planlegginga av opprustinga av leirduebana/lagshytta har vort ein del forseinka, slik at søknaden om spelemidlar er utsett med eit år til 2004.

Etter synfaringa med Kommunen og Syril, kom me fram til ei muntleg einigkeit om plasseringa av leirduebana/lagshytte. På den nye bana skal skyteretningen dreiaast mot aust/høgre, for å gje plass til skiskyting og redusere støyen på Kleppa-område. Det er også planlagt opprusting av utskiftningsvegen frå snuplassen. Denne vegen skal kun brøytast opp etter at skisesongen er slutt. Ellers skal det lagast nye avtalar med grunneigarane og nye godkjenningar av Fylkesmann og Politet.

Det var 2 utsendingar på årsmøte til Sogn og Fjordane NJFF på Alexsandra Hotell den 16.-17.mars.

Det vart utdanna 3 nye jegerprøveinstruktørar, og til dette fekk laget 3.000,-kr i tilskot frå ”viltfondet” i Kommunen.

Det er innkjøpt videospelar, overhead og lerretstativ til ca.9.500,-kr, som hovudsakleg skal brukast på jegerprøvekurset.

12. april arrangerte laget eit ”ope møte” på Sognefjord Hotell med jaktkonsulent Sven Stenbrenden frå NJFF og fiskeforvaltar Eyvin Sølsnæs frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det var ca. 35 deltakarar som høyrde Stenbrenden snakka om hjorteforvaltning/viltstell og Sølsnæs snakka om fiskeforvaltning lokalt.

Ved "Skulestangprosjektet 2002" vart det utdelt 30 meitestenger til 7. klasse ved Leikanger Barneskule på eit fiskearrangement på Flotande onsdag 19.juni.  
"Skulestangprosjektet 2002" er eit samarbeid mellom NJFF og "Sølvkroken a/s".

I juni hadde laget eit positivt møte med Systrond Grunneigarlag, der me diskuterte muligheitar for fiskekultivering og viltstell. Som fiskekultiverings-tiltak vart me einige om å setja ut fisk i Hovdavatnet og undersøka muligheten for oppdemming av Vetla Fjærlandsetevatnet. Og som vilt-tiltak vart me einige om å premiera fangst av mår og rev med vandrepokalar og gåvepremiar.

Laget har vore i kontakt med grunneigar Kåre Hamre om det er muligkeit for at Leikanger Jakt- og Fiskelag kan gå i gang med eit kultiverings-prosjekt på "Vålamyra". Kåre Hamre ser positivt på prosjektet, og vil vera med på ei synfaring for å sjå på kva for tiltak som kan gjerast til våren.

Det er innkjøpt 4 stk. verktøysett og div. forbruksmateiale til flugebitting.

31.oktober arrangerte laget kurs i partering av storvilt med Helge Fardal som dyktig instruktør. Det var ca.15 deltakarar som møtte opp i skyttarhuset på Moene.

Laget fekk tildelt 3.500,-kr i kulturmidlar frå Kommunen, som blant anna gjekk til innkjøp av utstyr til jegerprøven og flugebittingsutstyr.

Våre støttespelarar i 2002 har vore Sparebanken Sogn og Fjordane med 6.000,-kr. og Sogn Avis med gratis annonser til ca.17.300,-kr.

22.-24.november hadde laget 2 utsendingar på viltseminaret, og 1 utsending på formannkonferansen på Rica Sunnfjord Hotell.

Trastadalshytta har vore brukt i 16 døgn i 2002.

Medlemstalet i Leikanger Jakt- og Fiskelag pr. 31.desember 2002 var 103, som er ein auke på 7 medlemar.

Sjå eigne årsmeldingar frå utvala!

Styret.



# Årsmelding Jaktutval Ljf 2002

**Jaktutvalet har vore samansett slik:**

**Leiar : Bjarne Sjøthun.**

**Medlem : Per Norstein.**

**Medlem : Per Olav Henjum**

**Medlem : Øyvind Njøs.**

I år vart det ny rekord i antall deltakarar på jegerprøvekurset, det var heile 25 påmeldte. Difor kom det godt med at vi hadde fått med 4 nye instruktørar i tillegg til Sverre og Bjørn. Dei nye instruktørane er Olav Ekrene, Per Norstein, Bjørn Monsen og Vidar Brennstuen. Representantar frå jaktutvalet deltok under den praktiske delen. Per Norstein er no valgt til leiar i "jegerprøvegruppa". Vil med dette få retta ein stor takk til instruktørane som stiller opp utan vederlag.

Også i år var det 3 representantar med under avviklinga av storviltprøven.

Jaktutvalet stiller og neste år med 3 representantar.

I februar var to representantar i møte med kommunen sin mann innen viltforvaltning Hans Kr. Dolmen. Desse sakene vart tekne opp: Bruk av "sett hjort skjema", hjorteviltforvaltning i kommunen, viltfond, skotpremie, "bag limit", jegerprøven og laushund. Sett hjort skjema vart sendt til valda i lag med fellingsløyve. Dolmen var svært positiv til Ljfl sitt engasjement, men sluttar dverre i jobben til nyttår. Det vert difor andre folk i kommunen som tek over, men vi skal halda kontakten.

Endeleg fekk me til eit møte med grunneigarlaget. Her vart det diskutert forskjellige saker, men for jaktutvalet sin del var det "skotpremien" som vart det viktigaste. Grunneigarlaget var positive til forslaget. Det vart bestemt at det i første omgang skulle gjelda mår og rev, og at jaktutvalet fekk godkjent ordningen hjå kommunen. Beskjeden vi fekk der var at den gamle skotpremieordninga var gått bort. Difor vart me samde om i staden å setja opp vandrepokal for flest tekne mår og største reven. I tillegg vert det trekt ut gávepremier mellom deltakarane.

I slutten av oktober vart det arrangert parteringskurs av storvilt i skyttarhuset. Det var Helge Fardal frå Hafslo som stod for parteringen, og Njøsadalen jaktag som stillte med hjorteslakt. Fardal er ein erfaren jeger og slaktar som jobbar på kokkelina ved Hafslo vidaregåande. Dei frammette fekk difor svært god rettleiing, og gav oss gode tilbakemeldingar. Håpar difor å få til eit slikt kurs neste år og.

For Jaktutvalet

Bjarne Sjøthun.



## ÅRSMELDING FRÅ LEIRDUEBANEUTVALET 2002

### **Utvalet har vore samansett slik:**

Leiar: Leif Arne Lingjerde

Medlem: Odd Reksnes

Medlem: Jakob Støyva

Medlem: Svein Inge Lundheim

Deltakinga på stemnene har også i år vore liten, men med auke i rekrutteringa på stemnene med Emil Røysum Skartun kan me sjå lysare på framtiden.

Aktiviteten på leirduebana på Kleppa har hatt ein stor auke. Avslutningen av jegerprøven med heile 23 deltarar måtte fordelast på 3 kveldar. Me arrangerte eit nybyrjarkurs i hagleskyting med heile 18 forskjellige deltarar. Til dette kurset fekk me tilskot frå "Natur & Miljø" med 1260,-kr. og "Breiddemidlar" på 2000,-kr. frå Skyttarforbundet.

Bana har vore open for trening på tysdagar og torsdagar frå mai og fram til ferien, og for jakttrening på onsdagar etter ferien og fram til jakten.

Stein Vangsnæs som er trenar for fotball-damene til Syril, overraska dei med ein trening på leirduebana. Alle dei 13 damene fekk til slutt treff, noko som vart godt motteke.

"Indre Sogn Cup" vart arrangert 1. og 2. juni. Odd Reksnes vart vinnar med 90 treff. Dette var andre nappet på rad i vandrepokalen til Odd. Det var 18 med på Kleppa.

Fylkesmeistarskapet i jegertrap vart vunnen av Kurt Laneteig med 47 treff.

Landsdelsmeistarskapet i jegertrap vart vunnen av Leif Arne Lingjerde med 73 treff etter omskyting med Olav Aarskaug som vart nr.2. Frode Husum vart nr. 3 med 72 treff etter omskyting med Bjarte Linga og Torbjørn Leknes. I lagkonkurransen for tremannslag vann Leikanger JFL vandrepokalen til ødel og eige med 143 treff. Med på laget var Kurt Laneteig med 47 treff, Odd Reksnes med 48 treff og Frode Husum med 48 treff.

Frode Husum vart nr.7 totalt med 93 treff i NM-jegertrap i Nittedal. Norgesmeistaren oppnådde 95 treff.

Frode Husum og Olav Aarskaug kvalifiserte seg til landskampen i Nordisk Trap som Norge vann. Frode vart nr.7 og Olav nr.12 i seniorklassen med totalt 37 mann.

Kurt Langeteig vart lagsmeistar i både leirduesti og etter omskyting i jegertrap.  
I jegertrapen var det 9 deltarar med desse klassevinarane. **Senior:** Odd Reksnes  
23 treff. **Jeger:** Vidar Frækaland 22 treff. **Junior:** Emil Røysum Skartun 14 treff.  
I leirduestien var det også 9 deltarar med desse klassevinnarane. **Senior:** Kurt  
Langeteig 24 treff. **Jeger:** Vidar Frækaland 21 treff. **Junior:** Emil Røysum Skartun  
6 treff. I leirduestien vann Kurt Langeteig vandrepokalen til odel og eige.

Leirduebaneutvalet

Leif Arne Lingjerde

- leiar -

# Årsmelding for fiskeutvalet LJF

Fiskeutvalet var samansett slik: Per Sivert Nesdal

Jan Magne Vigdal

Steinar Henjum

Øyvind Husabø (formann)

Vårsprellen vart arrangert 2.pinsedag 2002 på hanahaug. Det var 21 deltagarar fordelt på 4 klassar.

-Vandrepokalen gjekk til Vidar Frekaland med størst fisk: ein lyr på 2,2kg.

Dei andre klasse vinnarane var: HERRE; Vidar Frekaland med 4050g

DAMER; Randi Fikerud Njøs med 280g

BARN; Kjell Ørjan Fedje med 1006g

FAM; Lysne/Fedje med 4370g

Fiskekonkuransen på Fjærlandsete vart arrangert av Magne Optun og Steinar Husum.

-Håkon Dyrkobotn vann med størst fisk, ein aure han tok i kalvavatnet på 685g.

Den tok han med fluge, å gav han napp i vandre pokalen "flugefiskaren"

Dei andre klasse vinnarane var: HERRE; Håkon Dyrkolbotn med 18stk.

DAMER; Inger Ness med 7stk.

BARN; Vegard Røysum med 4stk

Det var sosialt samvere på summehaug om kvelden.

Fiskeutvalet har vore i kontakt med Kåre Hamre, anngåande eitt kultiverings tiltak av "Vålamyri". Han stiller seg positiv til dette og har sagt seg villig til å vera med på ein synfaring til våren.

Fiskeutvalet vil samarbeida med grunneigarlaget, om slepping av fisk i Hovda vatnet.



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

7

### ÅRSMELDING 2002 - HUNDEUTVALET

Hundeutvalet er samansett slik:

Kurt Langeteig (leiar)  
Elin Gjerde (medlem)  
Anne Katrin Bøyum (medlem)  
Bjørn Fjøsne (medlem)

Hundeutvalet har hatt eitt møte i år.

#### AKTIVITETAR:

Det har vore gjennomført bruk av elektrisk halsband på hund mot sau i vår og i haust.  
Tilsaman 4 påmelde hundar.

Det vart arrangert tur for eigarar av fuglehundar frå Hodlekve til Leikanger i vinter. Tilsaman 5 personar og 6 hundar var med på turen. Strålende vær og flott skiføre.

#### Resultat frå jaktprevar og utstilling 2002:

Vi gratulerer Bjørn Monsen med Øyer's Roy, som vart jaktchampion i år.

Roy: 1x1.VK - Eigar Bjørn Monsen

Maia: 1x2.UK - Eigar Bjørn Monsen

Aasa: 1x2.UK og 1X3.UK - Eigar Kurt Langeteig.

#### Utstilling:

Cæsar: 1x2.UK - Eigar Bjørn Fjøsne

Roy: 1x1.AK - Eigar Bjørn Monsen

Maia: 1x1.UK - Eigar Bjørn Monsen

Aasa: 1x1.AK og 1x2.VK - Eigar Kurt Langeteig

## ÅRSRAPPORT UNGDOMSUTVAL L.J.F.L 2002

Starta arbeidsåret 08.02 med å orientere om aktivitetar utover våren. Dei frammøtte meinte at tida framover var gunstig med tanke på konkurrerande aktivitetar i bygda. Måndagar og fredagar høvde best som møtekeldar.

### Aktivitetar :

1. -Laga knotefeller for røyskatt og mår.  
-Lærte å setja dei opp  
-Gjennomgjekk regelverk
2. Flåing / taning av mår, instruktør : Ivar Fagerheim
3. Flugebindingskurs, instruktør : Jan Magne Vigdal
4. Flukekastingskurs, instruktør : Gunnar Olsmo

Hausthalvåret har gått utan nokon form for fellesaktivitetar. Mange av medlemmane er interesserte i jakt på både småvilt og storvilt. Underteikna har difor på nytt teke opp i styret at me må arbeida vidare med å skaffa eit såkalla ”opplæringsløyve” på hjort. Leiaren har lova at jaktutvalet tek seg av dette.

Leikanger 23 / 2- 03

Hallvard Grinde

# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2002

## UTGIFTER

Gebyr	81,00	✓
Kurs/møte	16320,00	✓
Kioskvarer	1039,20	✓
Kjøp premiar	6714,00	✓
Kontorutstyr/rekvisita	11658,20	✓
Kjøp skot/duer	14477,00	✓
Baneleige	1058,00	✓
Trastadalshytta	0	✓
Abonn. Skytternytt	400,00	✓
Fiskek. Fjærlandssæte	1386,00	✓
Sjøfiskekonkurranse	1273,00	✓
NM/VM-deltaking	2520,00	✓
Opplæring instruktør	9673,00	✓
Jegerprøve	11145,20	✓
Flugebindingsutstyr	2083,00	✓
"Skolestang"	206,00	✓
Fiskeutstyr	15519,00	✓
Utdeling av gratis skot på stemne	5135,00	✓
<b>Sum</b>	<b>100687,60</b>	✓

## INNTEKTER

Renteinntekter	1661,00	✓
Inntekter trening/stemne	18695,00	✓
Sponsorintekter	6000,00	✓
Kontigentinnkreving	4680,00	✓
Legeinntekter bane	0	
Legeinntekt Trastadalshytta	1200,00	✓
Jegerprøve	10450,00	✓
Fiskekonkurranse Fjærlandsete	1160,00	✓
Sjøfiskekonkurranse	1083,00	✓
"Skolestang"	1000,00	✓
Kulturmidlar	3500,00	✓
Kurs i haglskyting	3260,00	✓
Opplæring instruktør	3000,00	✓
Elektrisk dressurhalsband	1050,00	✓
Fiskeutstyr	15519,00	✓
<b>Sum</b>	<b>72258,00</b>	✓

UNDERSOT: 28 429,60

## AKTIVA PR. 31.12.2002:

SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE	50 376,91	✓
SKOT - DUER- PREMIAR M.M.	23 936,25	✓
BYGG ANLEGG	11 900,00	✓
LEIRDUEKASTAR M/UTSTYR	16 700,00	✓
TØMMER/MATERIALAR	40 000,00	✓
VIDEOSPELAR/OVERHEAD/STATIV	8 500,00	✓
<b>SUM AKTIVA</b>	<b>151 413,16</b>	✓

*Rekneskapen er  
revidert og funnen  
i orden.*

*26.02.03*

*Prige ØH*

# Styret i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2002

Forklaring: B = på val 2003 A = ikkje på val 2003

## Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag :	Telefonnr. :
B	Leiar	Svein Inge Lundheim	attval	90605267
A	Nestleiar	Per Ove Fossheim		97570583
A	Kasserar	Kjell Erik Strand		57653024
B	Sekretær	Arnstein Hauge		57654008
B	Varamedl.	Steinar Berkvam	Per Norstein	57679260

## Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun		90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum		91333305
B	Medlem	Per Norstein	attval	91739213
B	Medlem	Øyvind Njøs	attval	57654002

## Fiskeutval:

B	Leiar	Øyvind Husabø	attvar	95112936
A	Medlem	Jan Magne Vigdal		95707144
B	Medlem	Steinar Henjum	Jernund Høgheim	91856654
A	Medlem	Per Sivert Nesdal		90770945

## Leirduebaneutval:

A	Leiar	Leif Arne Lingjerde		91176689
A	Medlem	Odd Reksnes		95758559
B	Medlem	Svein Inge Lundheim	attval	90605267
B	Medlem	Jakob Støyva	Ove Sørgensæter	57653002

## Ungdomsutval:

B	Leiar	Hallvard Grinde	attval	57653860
B	Medlem	Arve Yttri	attval	97096865
A	Medlem	Jon Husabø	Tår Sugat Husabø	91308911
A	Medlem	Vidar Jacobsen		57653156

## Hundeutval:

B	Leiar	Kurt Langeteig	attval	95089899
B	Medlem	Elin Gjerde	Bjørn Mousen	90953233
A	Medlem	Anne Katrin Bøyum		90564569
A	Medlem	Bjørn Fjøsne		57653974

## Revisor:

A		Sverre Fossen		57653329
B		Inge Yttri	attval	57653331

## Valkomite:

B	Leiar	Per Sivert Nesdal	attval	90770945
A	Medlem	Øyvind Husabø		95112936
B	Medlem		?	

# Årsmøte i Leikanger Jakt og Fiskelag på Fjordkroa fredag 28. februar 2003

Til stades:

Svein Inge Lundheim - Bjarne Sjøthun - Per Olav Henjum - Per Henjum - Øyvind Njøs - Øyvind Husabø - Ivar Fagerheim - Kurt Laneteig - Kjell Erik Strand - Odd Reksnes - Per Ove Fossheim - Vidar Frækaland.


Sak:

1. Godkjenning av møteinkalling. Godkjent
2. Val av møteleiar og skrivar: Svein I. Lundheim, møteleiar. Odd Reksnes, skrivar
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen. Per Henjum og Per Olav Henjum
4. Årsmeldingar. Godkjent
5. Rekneskap. Godkjent
6. Val. Ingen motkandidatar utifrå dei personane valnemnda kom med forslag på. Styret. Leiar: Svein Inge Lundheim attval  
Sekretær: (ingen kandidat)  
Varamedl.: Per Norstein ny  
(Styret fekk fullmakt av årsmøte til å setje inn sekretær seinare)  
Jaktutval. Medlem: Per Norstein attval  
Medlem: Øyvind Njøs attval  
Fiskeutval. Leiar: Øyvind Husabø attval  
Medlem: Jermund Høgheim ny  
Leirduebaneutval. Medlem: Svein Inge Lundheim attval  
Medlem: Ove Jørgensen ny  
Ungdomsutval. Leiar: Hallvard Grinde attval  
Medlem: Arve Yttri attval  
Ingar Husabø erstatar Jon husabø som medlem i 1 år  
Hundeutval. Leiar: Kurt Laneteig attval  
Medlem: Bjørn Monsen ny  
Revisor: Inge Yttri attval  
Valkomite. Leiar: Per Sivert Nesdal attval  
Medlem: (ingen kandidat)
7. Medlemskontigent for 2004. Styret la fram forslag om å auke laget sin del av kontigenten på sidemedlemskap u/tidsskrift frå kr. 20,- til 50,-kr. Grunnen for dette er at sidemedlemskap gjev dei same fordelane som t.d. hovedmedlemskap og bør difor vera lik. Forslaget vart einstemig vedtatt.

- 8. Orientering om opprusting av leirduebana på Kleppa.**  
Per Ove Fossheim orienterte. Syril og kommunen er positive til at skiskyting vert teke med i planane i området. Det skal no lagast situasjonsplan over området og utifrå den vert det sett opp kostnad over anlegget. Tek siktet på sende inn søknad om tippemidlar i 2004.
- 9. Aktivitetar 2003.** Dei ulike utvala la fram sine planar for aktivitetar i 2003. Stand på Fruktbare dagar. Medlemskveld. Isfiske på Dalavatnet.
- 10. Informasjon.** Fangst av mår og rev. To vandrepokalar er innkjøpte. Synfaring på Vålamyri til sommaren vedkomande kultiveringstiltak. Kåre Hamre som er grunneigar er positiv til dette. Utsetjing av fisk i Hovdavatnet. Nytt golv i Trastadalshytta, midlar frå kommunene.
- 11. Innkomne saker.** Ingen innkomne saker

Leikanger, 4. mars 2003

Odd Reksnes



Per Olaar Hengsnn